

# ÅRSMELDING FOR HARAM VENSTRE 2017

I meldingsåret har lokallagsarbeidet vore retta inn mot stortingsvalet 11. september. Vi avvikla i regelen gruppe- og styremøter på laurdagane før k-styremøter.

## Lokallagsarbeid

Årsmøtet var på Kulturkafeen i Brattvåg 5. januar, der stortingsrepresentant På Farstad var tilstade. På årsmøtet blei det vedteke å auke medlemskontingennten til 100 kr, og delt ut vervepremier til Thomas Vadset og Eili Å. Arntsen. I tillegg til dei ordinære årsmøtesakene blei det lagt opp til ein generell politisk debatt etterpå.

Lokallagsstyret vart vald med denne samansetjinga:

Lokallagsleiar Håvard Urkedal, nestleiar Thomas Vadset, kasserar Hege Melkvik, sekretær Kristian Stråmyr, styremedlem Eili Åadal Arntsen, UV representant Nina-Shanett Arntsen.

Vi har per 01.12.17 14 registrerte medlemmar og 12 som har betalt kontingennten for 2017. Vi har med det hatt ein nedgang på to medlemar i høve 2016, noko som til dels kom på bakgrunn av kommunereforma.

I valkampen stod vi på stands, delte ut brosjyrar og var aktiv på sosiale media. Denne gongen fekk vi 3 % av røystene, noko som er ein tilbakegong på 3,4 prosentpoeng sidan førre stortingsval. Dette samsvarar med tendensen i resten av fylket, men Venstre nasjonalt kom over sperregrensa for andre val på rad.

## Gruppearbeid

I perioden møtte Kristian Stråmyr på ti kommunestyremøter medrekna det 133 mannsterke fellesmøtet i Ålesund 21. juni, medan Håvard Urkedal møtte som vara i kommunestyremøtet 22 juni. Kristian Stråmyr blei vald inn i ad hoc -komiteen for oppvekstsektoren som leverte si innstilling til kommunestyret 14. desember og Thomas Vadset møtte som fast representant i kulturutvalet fram til suppleringsvalet 14. desember.

Kristian Stråmyr har stilt ein interpellasjon om valdeltaking til ordføraren og eit grunngjeve spørsmål om oppfølging av driveplikt. Elles har Stråmyr stilt munnlege spørsmål om status for ny idretts- og kulturhall i Søvik, som fekk auka ramme i økonomiplanen men framleis vantar kommunal godkjenning, og spørsmål om nedsetting av ein ad hoc komité for å revidere heilskapleg rus- og psykiatriplan i samsvar med planstrategien.

Av viktige saker i kommunestyret har vi gjort vedtak om utarbeiding av kommunal kulturminneplan, vedteke ombygging av Haram Kvileheim, gitt uttale til kommunal planstrategi, inngått intensjonsavtale med Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund, innført tiltak for reduksjon av sjukefråvær og arbeida med ny struktur i oppvekstsektoren.

I årsbudsjettet for 2018 inngjekk vi eit tverrpolitisk forlik som styrka viktige tenester som grunnskule, kultur, helse og omsorg med inndekning i disposisjonsfondet. I tillegg styrka vi postane for stab/støtte og politisk på grunn av k-reforma, og vi fremja eit verbalforslag om å søke på støtteordninga for symjeundervising for barnehageborn.

**Sentrale verv:** -Kristian Stråmyr, fylkesekretær i M&RV. -Håvard Urkedal, leiar for M&RUHV og medlem av strategiutvalet i regi av M&RV. -Nina-Shanett Arntsen, nyvald styremedlem i M&RUHV og Å&OUV.

### **Aktivitetar med representantar frå Haram Venstre:**

- Avfallspolitikk-møte på Skodje rådhus, 2. februar: Eili Å. Arntsen.
- Fylkesårsmøte i Ålesund 4.-5. februar: Eili Å. Arntsen og Nina-Shanett Arntsen møtte for HV, medan Kristian Stråmyr møtte for M&RV og Håvard Urkedal møtte for M&RUV.
- Valkampmøte for lokallag på Sunnmøre i Ålesund 6. mars: Håvard Urkedal.
- Vårmarknad i Brattvåg 22. april: Eili Å. Arntsen, Nina-Shanett Arntsen og Kristian Stråmyr
- Fellesmøte for venstrelaga i nye Ålesund, Brattvåg 30. mai: Håvard Urkedal, Thomas Vadset, Eili Å. Arntsen og Nina-Shanett Arntsen.
- Myldredagane i Brattvåg 10. juni: Thomas Vadset, Nina-Shanett Arntsen, Eili Å. Arntsen og Kristian Stråmyr.
- Fellestand for Venstre-lag på Digerneset 1. september: Kristian Stråmyr.
- Paneldebatt med Pål Farstad i Brattvåg 5. september: Eili Å. Arntsen, Nina-Shanett Arntsen, og Kristian Stråmyr.
- Valkamp-kickoff i Ålesund, 11. september: Håvard Urkedal.
- Landsmøte for Unge Venstre i Stavanger 27.-29. oktober: Håvard Urkedal.
- Lokalpolitisk nettverk i Molde 11. november: Kristian Stråmyr
- Fellesmøte for venstrelaga i nye Ålesund, Brattvåg 23. november: Thomas Vadset, Håvard Urkedal, Eili Å. Arntsen, Nina-Shanett Arntsen og Kristian Stråmyr.

I tillegg har Håvard Urkedal delteke på UV sin sumarleir, og på UV sin valkamp-kickoff i Oslo saman med Nina Shanett Arntsen.

### **Styret i Haram Venstre**